

Solhaugen Barnehage

Årsplan 2024/2025

Solhaugen Barnehage SA
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås

Daglig leiar:
May Fosse
Tlf: 48 31 63 29
E-post: post@solhaugenbhg.no

Facebook: Solhaugen Barnehage SA
Internettseite: <https://solhaugen-barnehage.no>
Åpningstider: 07.00-16.30



Innhald

Innhald Årsplan	02
Om oss	03
Rammeverket for drift	05
Verdigrunnlag og visjon	06
Barn si rett til medverknad	07
<i>Barnehagen er full av magi</i>	08
Fagområda	09
Satsingsområde barnehageåret 24/25	12
Barn og barndom	22
Planlegging, dokumentasjon og vurdering	23
Arbeidsmetodar	25
Kommunikasjon	35
Årshjul	41
Kontaktinformasjon	42
Kjeldeliste	43

Om oss



Solhaugen barnehage er ein privat barnehage i hjartet av Lindås, som opna hausten 2001. Hjå oss vert alle foreldre automatisk medeigarar og får slik større mogelegheit til å medverke innhald og drift av barnehagen. Det betyr også at barnehagen er ein ideell organisasjon, der evt. overskot går tilbake til drift av barnehagen. Hjå oss står barna i sentrum! Styringsorganet består av eit eigarstyre, eit samarbeidsutval (SU) og eit foreldreråd. Dagleg leiar styrer barnehagen på vegne av eigarane, som er dykk foreldre. Barnehagen er organisert som ein avdelingsbarnehage. Me har fire avdelingar; to småbarnsavdelingar "Trimmen" og "Byggeriet" og to storbarnsavdelingar "Fargeklatten" og "Fabelkroken". "Trimmen" husar barn i alderen 0-2 år, "Byggeriet" har barn i alderen 2-3 år. "Fargeklatten" er avdelinga for barn som er 3-4 år, og "Fabelkroken" er førskuleavdelinga, for barn som er 5-6 år gamle.



Solhaugen barnehage SA har plass til 90 barn. Pr. August 2024 er 47 plassar dekka. Barnehagen har eit supplerande opptak, det vil seie at dei som søker i Solhaugen barnehage får plass. Dette gjer at endringar i barnetal og gruppесamsetjing kan endrast i løpet av året. Ei auke i barnetal vil kunne gje behov for fleire tilsette. Førebels er desse dei fast tilsette de vil møte barnehageåret 2024/25:

Trimmen: Iselin (pedagogisk leiar), Margunn/ Ida Maria (barnehagelærar), Kine og Aysel (fagarbeidare).

Byggeriet: Kristine (pedagogisk leiar), Bjørg (fagarbeidar), Gry (pedagogisk medarbeidar).

Fargeklatten: Diana (pedagogisk leiar), Birte (fagarbeidar), Arild (pedagogisk medarbeidar).

Fabelkroken: Tina (pedagogisk leiar), Cecilie (fagarbeidar).

Me har i hovudsak faste vikarar, kjende for alle barna på huset for å gjere det forutsigbart for barna om nokon av dei faste tilsette er borte, eller for å jobbe med styrking av språkferdigheiter. Dermed vil dei møte ein del kjende fjes i tillegg til dei fast tilsette gjennom året.

Heldige er me som ligg sentralt, men likevel i trygge og rolege omgjevnadar med gangavstand til variert turterreng, butikkar, skule og idrettshall.

Rammeverket for drift

Du sit no med Solhaugen barnehage SA sin årsplan for barnehageåret 2024/25 i hendene. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet, samstundes som den fungerer som informasjon om det pedagogiske arbeidet til dykk foreldre (eigarane). Årsplanen skildrar barnehagen sitt pedagogiske grunnsyn, måla me arbeider mot, og kva metodar og tiltak me nyttar for å nå måla.

Lov om barnehage seier: "Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling". (Jebsen, 2023: 11).

Solhaugen barnehage SA sin årsplan er utarbeidd av personalet, og må til ei kvar tid vere i samsvar med krav til årsplan slik det er beskrive i Barnehagelova og Rammeplan for barnehagen. Ny Rammeplan tredde i kraft 1.august 2017, og er ei forskrift til Barnehagelova.

Kort sagt; årsplanen dannar grunnlag for pedagogisk innhald, aktivitet og samhandling gjennom året.





Verdigrunnlag og visjon;

"Staden for morgondagens heltar"

I Solhaugen barnehage skal me ha trygge, glade, aktive og engasjerte barn og vaksne. Respekt, anerkjenning, likeverd og mangfald er nøkkelverdiar for praksisen vår.

Morgondagens heltar kan ta vare på seg sjølve og omverda. Me skal hjelpe barna til å meistre kvardagen med å vere omsorgsfulle rollemodellar som er tydelege, positive, proaktive, ansvarlege og tilstades -utan å ta over ! Me skal leggje til rette for aktiv utforsking- og sjølvstendetrong. Trygge relasjoner er nøkkelen til at barna fritt vågar å utforske sitt eige og unike sjølv. Personalet nyttar sin kunnskap til å støtte utvikling av sosiale ferdigheter og sjølvregulering. Å setje ord på kjensler og anerkjenne andre sin kjensler er prososial atferd som gjer at morgondagens heltar lukkast i samspelet med andre.

Tryggleik, tillit og trivsel er fundamentet for god sosial og språkleg utvikling. Leik er barna sitt eige univers der inntrykk vert bearbeida og utforska. Opplevinga av meistring, trivsel og meining, gir god læring. Barna skal verte høyrt, få uttrykkje sine tankar, meiningar og kjensler, og dei skal oppleve å vere viktige i fellesskapet.



Barn sin rett til medverknad

I rammeplan for barnehagen kapittel 4 står det at "Barnehagen skal vere bevisst på dei ulike uttrykksformene til barna og leggje til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadene og behova til barna. Også dei yngste barna og barn som kommuniserer på andre måtar enn gjennom tale, har rett til å gi uttrykk for kva dei synest om sine eigne vilkår. Barnehagen må observere og følgje opp dei ulike uttrykka og behova til alle barn." (Kunnskapsdepartementet, 2017:27)

I Solhaugen barnehage skal barna få oppleve:

- At dei jamnleg har høve til å delta aktivt i planlegging og vurdering av det som skjer i barnehagen
- At dei skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen
- At dei får seie si mening
- Barnesamtaler tilpassa alder og modning

Personalelet skal:

- Ta med barna på planlegging av aktivitetar
- Ta utgangspunkt i barn sine interesser når tema og aktivitetar
- Observere barna og lytte til kva dei har å seie
- Sjå barna der dei er, utfordre og gje oppgåver som gjer moglegheit for utvikling
- Organisere barnesamtalar



*Barnehagen er full av magi,
en plass med barneglede i,
et sted hvor det settes spor
i både liten kropp, og stor.*

*Hvor søledammen kan bli til et kjempestort
hav,
en pinne blir en tryllestav,
hvis du tør kan du bli hva du vil,
er du streng kan du lett trylles snill.*

*Det er voksne der som vil deg vel,
og gjerne blir med på et sprell,
som gir bort omsorg og er din venn,
og får våte smellkyss igjen.*

*Og dette er ikke på langt nær alt,
hvis en dag alt går på tverkegalt,
så får du magisk kos og trøst,
både sommer, vinter, vår og høst.*

Øystein Gjønnes (2013)

Fagområda



Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver fastset utfyllande føresegner om innhaldet i og oppgåvene til barnehagen. Den seier òg noko om funksjonen til barnehagen som samfunnsmandat, ramma for planlegging, gjennomføring og vurdering av verksemda. For å sikra gjennomføring innanfor alle dei sju fagområda, har me saman utarbeidd konkrete mål og tiltak for korleis me arbeider innanfor dei ulike fagområda på stor side (Fabelkroken og Fargeklatten) og liten side (Byggeriet og Trimmen) i barnehagen.

Rammeplanen er den viktigaste pedagogiske arbeidsreiskapen me har, og årsplanen er forankra i denne. Emne og prosjektarbeid skal leggjast til rette slik at det går føre seg gjennom aktivitetar, leik og sosialt samspel – i tråd med rammeplanens føringer.

Fagområda Stor side

<h2>Kunst, kultur og kreativitet</h2> <p>Barnehagen skal legge til rette for samhørsle og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk.</p> <ul style="list-style-type: none"> Tiltak: <ul style="list-style-type: none"> Kjenne til ulike formingsmateriell ute og inne. Bruke ulike teknikkar: måla, teikne, veve, perle, etc. Kunne syngje lengre songar Kjennskap til kulturarven til nærmiljøet. Markere merkedagar og høgtider: den samiske nasjonaldagen, påske, 17. mai, jul. 	<h2>Kropp, rørsle, mat og helse</h2> <p>Barn skal oppleve rørsle, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse</p> <ul style="list-style-type: none"> Tiltak: <ul style="list-style-type: none"> Seksualitet, kropp, grenser, «Kroppen min eier jeg» Fremje trivsel og meistring Gå lengre turar Medvit om variert og god mat Bruke mat til å bli kjend med ulike kulturar God handhygiene 	<h2>Nærmiljø og samfunn</h2> <p>Gjennom utforsking, opplevelingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjøre barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda</p> <ul style="list-style-type: none"> Tiltak: <ul style="list-style-type: none"> Forut Internasjonalt arbeid Kjennskap til kjende personar fra Lindås Turar i nærmiljøet Bruke gjenvinningsstasjonen Brannvernsveke Kjennskap til familien min og barnegruppa 	<h2>Etikk, religion og filosofi</h2> <p>Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar</p> <ul style="list-style-type: none"> Tiltak: <ul style="list-style-type: none"> Filosofere og reflektere over mangfaldet i samfunnet og i barnehagen Vennskap, inkludering og fellesskap i barnehagen og barnegruppa Empati Vaksne som gode rollemodellar FORUT Bli kjende med merkedagar, tradisjonar og høgtider i den kristne kulturarven, og andre religionar og livssyn som er representert i barnegruppa Lage reglar for fellesskapet saman med barna "Grønne tanker, glade barn"
<h2>Kommunikasjon, språk og tekst</h2> <p>I barnehagen skal barna få erfare ulike måtar å formidle tekstar og forteljingar på, som kjelde til estetiske opplevingar, kunnskap, refleksjon og møte med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforskning av både munnlege språk og skriftspråk</p> <ul style="list-style-type: none"> Tiltak: <ul style="list-style-type: none"> Bravo Lese for barna og ha bøker tilgjengeleg Songar, rim og reglar Dramatisere Eventyr Språkgruppe Kvardags-samtalen 	<h2>Mengd, rom og form</h2> <p>Barnehagen skal synleggjere samanhengar og legge til rette for at barna kan utforske og oppdagate matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. (...) stimulere barna til undring, nysgjerrighet og motivasjon for problemløsing</p> <ul style="list-style-type: none"> Tiltak: <ul style="list-style-type: none"> Kunnskap om former og fasongar, tal og teljing Kjennskap til kalender, årstid, merkedagar, rom og tid Bruke matematikk i kvardagsituasjonar Matlagning Konstruksjonsleik 	<h2>Natur, miljø og teknologi</h2> <p>Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring.</p> <ul style="list-style-type: none"> Tiltak: <ul style="list-style-type: none"> Gå på turar til alle årstider Eksperimentere i naturen Bli kjend med dyr og plantar i nærområdet Lære å ta vare på natur og dyreliv Bossplukking Frå frø til plante Bruke digitale verktøy til å bli kjend med naturen Bruke digitale verktøy i aktivitetar 	

Fagområda Liten side

Kunst, kultur og kreativitet

I arbeidet med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigkeit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar og eksperimentering. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal gje barna byrjande kjennskap til kulturarven sin.

- Tiltak:
- Ta utgangspunkt i innspela og interessene til barna
 - Vere lydhøye, anerkjenner og respektere barns eigen tradisjonskultur og barnekultur
 - Bruka ulike teknikkar og materiale
 - Sørge for at materiale er synleg og tilgjengeleg for barna

Kropp, rørsle, mat og helse

Barn skal i fellesskap med andre oppleva rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære, og fysisk og psykisk helse.

- Tiltak:
- Fokus på grovmotorisk utvikling
 - Tryggleik i eigen kropp og positiv sjølvoppfatning
 - Få varierte rørsle opplevelser og erfaringar ute og inne
 - Byrjande forståing for forebyggande tiltak – for eksempel handvask og hygiene
 - Kjennskap til sunne matvarer
 - Gode måltidsopplevelinger

Nærmiljø og samfunn

Gjennom utforsking, opplevelsar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjera barna kjent med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda.

- Tiltak:
- «Mitt hus» med bilde av familien
 - Kjennskap til nærmiljøet
 - Turar i variert terreng
 - Internasjonale veker
 - Bruke songar, forteljingar og musikk frå andre land

Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal skape interesse for mangfoldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Personalet skal legge til rette for at barna får høve til sjølv å undre seg og filosofere over eksistensielle og etiske spørsmål. Slik skal barnehagen bidra til å legge grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft.

- Tiltak:
- Kjenslehandtering
 - Ordsetje konfliktar
 - Bygja positiv sjølvoppleveling
 - Reflektere og undre seg saman
 - Oppleve anerkjennung og rausheit i fellesskapet

Kommunikasjon, språk og tekst

Barnehagen skal bidra til at barn leiker med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigkeit, bevisstheit og utvikling. Personalet skal invitera til utforskning av både munnleg språk og skriftspråk. Personalet legge til rette for eit variert språkmiljø der barna får oppleve glede ved å bruke språk og kommunisere med andre.

- Tiltak:
- «Å leika ei bok»
 - Bøker tilgjengeleg i barnehøgde
 - Eventyr med konkretar, bøker og dramatisering
 - Song og musikk på ulike uttrykksmåtar
 - «Coaching» i kvardagsituasjonar
 - Kjenslehandtering
 - Kvardagssamtalar
 - Bli kjend med skrivereiskap

Mengd, rom og form

Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling. Arbeidet med fagområdet skal stimulere barna til undring, nysgjerrigkeit og motivasjon for problemløsing.

- Tiltak:
- Sansestimulering (føla, smaka, kjenna)
 - Omgrepsslærings og bruk av matematiske omgrep i daglegtala
 - Romplassering og orientering i rommet
 - Bruka ulikt materiale til formingsaktivitetar

Natur, miljø og teknologi

Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientera seg og opphalda seg i naturen til ulike årstider. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfold av naturopplevelinger og få oppleva naturen som arena for leik og læring.

- Tiltak:
- Varierte turopplevelingar i nærmiljøet
 - Aktivitetar etter årstidene
 - Arts lære
 - Respekt for naturen og dyrelivet
 - Byrjande kjennskap til kjeldesortering



SATSINGSMRÅDE barnehageåret 2024/2025:

«Å leika ei bok»

«Lesing og samtaler rundt bøker har stor verdi for språkutviklingen til barn, viser skandinavisk barnehageforskning. For å lykkes i arbeidet med språket til barn er det avgjørende å implementere språk og leseaktiviteter i kvardagen» (Språkløyper, 2024)

Barnehagen skal ha fokus på språkstimulering generelt i kvardagen, me skal vere medvitne rolla vår og språkbruk i alle situasjonar. Me bruker songar, regler, rim, spel og bøker som inngang til språklæring. Me skal leika med språket. Å leika ei bok handlar om å bruka bøker som ein grunnstein for vidare arbeid, og skape eit felles referansepunkt for barna og dei vaksne.

Gjennom satsingsområdet å leika ei bok får barna erfaring med relasjonskompetanse, tilknytning, fellesskap, inkludering, danning, leik og læring. Gjennom arbeidet med dette får barna også oppleve å medverke til eigen barnehagekvardag.

Vi ønskjer å bidra til kreative og skapande barn. Leseglede og lærelyst for livet!



Tilknyting

I rammeplan for barnehagen står det at «barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjoner mellom barn og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring.» (Kunnskapsdepartementet, 2017:19)


Barnehagen skal vere ein stad der barna skal kjenne seg trygg, ivaretatt og oppleva at deira behov vært møtt.

Tilknytningsprosessen starta allereie første dagen barnet byrjar i barnehagen.

I rammeplanen for barnehagen står det at «når barnet byrjar i barnehagen, skal personalet sørge for tett oppfølging den første tida, slik at barnet kan oppleva tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære» (Kunnskapsdepartementet, 2017:33)

I Solhaugen barnehage skal barna få oppleva:

- Omsorg
- Tryggleik
- Tilhørsle
- Trivsel
- Gode relasjoner



Venskap, fellesskap og inkludering

I rammeplan for barnehagen står det at "I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap" (Kunnskapsdepartementet, 2017:22)


Barnehagen er ei viktig arena for barns sosialiseringss prosess, der dei utviklar seg som individ, opplever fellesskap i gruppe og samspel med andre. Eit aktivt og tydeleg personale er nødvendig for å skapa eit varmt og inkluderande sosialt miljø.

I rammeplanen for barnehagen står det at barnehagen skal gje felles erfaringar og synleggjere verdien av fellesskap. Alle barna i barnehagen skal føle at dei vært sett og anerkjende for den dei er, og samstundes kjenne seg som ein del av eit større fellesskap (Kunnskapsdepartementet, 2017: 9).

Barnehagen skal vere med å bidra til at barna ønskjer å verte ein del av eit større fellesskap. Personalet skal oppmuntre, engasjere og gjere barna trygg i saman med andre barn og vaksne.

I Solhaugen barnehage skal barna oppleve:

- Vennskap, anerkjening, og respekt
- Tillit og tryggleik
- Eit inkluderande fellesskap og leikande samspel



Leik

"Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin egen kultur. Leken skal vere ein arena for utvikling og læring, og for sosial og språklig samhandling"
(Kunnskapsdepartementet, 2017:20).

Leik er kjenneteikna av å ikkje ha noko mål utover seg sjølv. Leik er menneska sin naturlege og kreative måte å uttrykkje seg på. Leik er frivillig og indre motivert, og barn leiker for leikens skuld. Leiken er viktig for barns språklege og sosiale utvikling. Å lukkast i leik med andre gjev barn mogelegheit til å knytte vennskap, styrke relasjonar til dei rundt seg, og viktigast av alt utvikle ei positiv oppfatning av seg sjølv og eigne ferdigheter i møtet med andre.

I byrjinga leiker barna åleine; på eit litt seinare alderstrinn kan det leike ved sida av andre barn, men er framleis opptekne av sin eigen leik i såkalla parallelleik. Etter kvart utviklar det seg til samleik mellom nokre barn, til at barn ved 5-7 års alderen byrjar å leike i store grupper. Då gjerne med fastsette reglar som alle rettar seg etter. (Store norske leksikon, 2024). Det er mange ferdigheter som skal meistrast for å lukkast i samleik på eiga hand.



Det er ulike teoriar om leik, og også på synet på korleis vaksne brukar leik til innlæring av kunnskap. Hjå oss er det essensielt at personalet er medvitne og vurderer si eiga rolle, haldningar og deltaking i leiken.

Barna skal få oppleve:

- Eit variert leikemiljø som gir inspirasjon til leik gjennom blant anna eventyr og natur
- Glede og humor i leiken
- Vennskap - få vere med og høyre til i fellesskapet

Personalet skal:

- Gjennom gode haldningar og handlingar skal dei vaksne sikre eit inkluderande leike- og læringsmiljø for alle barn
- Arbeid med venskap og sosial kompetanse
- Delta i leik og inspirere leiken
- Støtte og rettleie barna i leiken
- Gje leiken tid
- Skape eit variert og stimulerande leikemiljø med bruk av eit utval av bøker-eventyr

"I dag har eg berre leikt i barnehagen"





Læring

Læring skjer i alle situasjonar, i alt me opplever. Læring skjer når me er åleine og når me er saman med andre. Læring er farga av miljøa me tar del i. Ut i frå eigne føresetnader dannar me oss samanhengar, for å forstå det vi opplever. Stundom går desse på kant med det resten av verda ser ut til å meine. Tankane som svirrar rundt i eit barnesinn, er avgjerande for barnet sine kjensler, handlingar og utvikling.

I barnehagen skal barna få oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og mestre (Kunnskapsdepartementet, 2017:22)

I leiken møter barn utfordringar som dei må løyse. Kognitive, sosiale, språklege og fysiske ferdigheiter vert stimulerte og utvikla i gode leikemiljø. Leik gir lærings. Den stimuli me gjer barna rustar dei til å forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt.

Interessene og spørsmåla til barna bør danna grunnlaget for læringsprosessar og tema i barnehagen. Barn lærer meir når dei er engasjerte, i interaksjon, aktive og når dei opplever meinung og meistring. Dette er noko som skjer naturleg i leikebasert læring

I barnehagen vår vil me leggje til rette for at alle barna får utvikle eigne interesser samstundes som barnehagen legg til rette for felles opplevingar. Felles referansar gjev eit felles leikerekertoar og er ei støtte til leikebasert læring.

"Å leika ei bok" er ein arbeidsmetode me nyttar for å gje alle barn eit utgangspunkt for å lukkast i samspelet med andre, og for å ta del i vidare læring og utforsking.

Barna skal få oppleve:

- Meistring
- Aktivitetar og ulike opplevingar
- Samarbeid og det å vere nysgjerrig, undre og spørje.

Personalet skal:

- Rettleia barna
- Gje barna mogleheit til å prøve seg fram og utforske
- Undre seg saman med barna
- Gje felles referansar





Danning

Danning er eit omgrep som skildrar formainga av eit menneske si personlegheit, oppførsel og moral.

"Danningsomgrepet fokuserer på individet si evne og plikt til å forme seg sjølve, og skil seg difor frå sosialisering, oppdragelse, utdanning og andre pedagogiske omgrep" (Store norske leksikon, 2024).

Pr. definisjon ligg ansvaret for danning på einskildindividet. Barn vert, uavhengig av kvalitet, påverka av det/dei miljøa dei oppheldt seg i. Barnehagen har eit særskild ansvar for å gje alle barn gode føresetnader i den livslange prosessen danning er.

Trond-Viggo Torgersen sin 80-tals slager «tenke sjæl», handlar om det å ta val som ungdom, og står seg den dag i dag. Det er vanskeleg å finne ut kven ein er og kva ein står for. Det er mange vanskelege val når ein står i gruppepress og vil vere kul, det er vanskeleg å kjenne på at vala ein tar kan skuffe nokon – det kan vere vanskeleg og stå for det ein har sagt eller gjort.. Ein skal rett og slett ha ein del erfaringar i bagasjen for å vere rusta for det som kjem. Det er der danning kjem inn i biletet!

Der tradisjonell oppdragelse har mål om å overføre kunnskap, verdiar og haldningar til barn – handlar danning om å setje barn i stand til å tenkje sjølve. Danning handlar om å utvikle kunnskap, verdiar og haldningar saman, gjennom dialog – i ein felles prosess. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørge for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar – eller stå i mot..

Personalet skal:

- Vere gode rollemodellar.
- Skape eit leike-og læremiljø som gjer barn i stand til å tenke sjølv, søkje kunnskap, stille spørsmål og ta aktive val.
- Undre seg saman med barna, setje ord på, reflektere og vurdere ulike situasjoner.
- Vere opne for andre sine meiningar
- Stille spørsmål og vere opne for andre sin ståstad, og samstundes ta vare på eigne- og andre sin integritet
- Kunne tone seg inn på barnet og tenkje over kva er det barnets åtferd til ei kvar tid fortel. Kva behov har barnet? Kva treng barnet av meg?





Barn og barndom

Ein god barndom startar med relasjonskompetente vaksne som ein viktig del av barns tillit, trygghet og trivsel. I rammeplanen for barnehagen står det at "Barnehagen skal bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik" (Kunnskapsdepartementet, 2017:8)

Barn treng varme og forståingsfulle vaksne rundt seg både i heimen og i barnehagen. Barns tilknyting til foreldre dannar den viktigaste ramma rundt deira utvikling (Brandtzæg, Toresteinson, Øiestad, 2014).

Relasjonskompetansen og personalets vilje til å utvikla den, vil vere grunnmuren for barna. Barna skal bli møtt av varme vaksne som sett ord på deira kjensler og kan tolka deira kroppslege uttrykk. Emosjonell kompetanse handlar om at barna klarer å uttrykkja ei rekkje kjensler, forstå kjenslene og å regulera kjenslene.

I Solhaugen barnehage skal barna få møte eit personale som ser det enkelte barnet og samstundes tek ansvar for kvaliteten på relasjonen i kvardagen. Alle barn skal oppleva å bli likt og at me gler oss til vere saman med barna. Dei vaksne skal vere aktiv med å setje ord på ulike kjensler og hjelpa å regulera dei. Barn gjer så godt dei kan og det er vår jobb i samarbeid med føresette å hjelpa barna på veg til ein god og sunn utvikling.



Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast" (Kunnskapsdepartementet, 2017:37).

Planlegging:

God planlegging kan bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda.

Planlegginga av organisering, innhald og prosessar i barnehagen byggjer på måla i årsplanen og underliggende dokument (Lov om bhg, rammeplan, m.fl)


Planlegginga er basert på kunnskap om korleis barn utviklar seg og lærer, på observasjon, dokumentasjon, refleksjon, systematisk vurdering og samtalar med barn og foreldre.

Ulike formar for planlegging gjennom eit barnehageår: pedagogmøter kvar veke, avdelingsmøter kvar månad, 7 personalmøter,

5 planleggingsdager, 2 foreldremøter, og 2 foreldresamtaler. Pedagogane har 4 timer plantid i veka i arbeidstida, samt at fagarbeidare skal ha 1 time annakvar veke.

Dokumentasjon:

Dokumentasjon av barnehagen sitt arbeid er viktig for å kunne vidareutvikle og sikra kvalitet i tilbodet. Dokumentasjon skal vere eit middel for å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis. Læringa til barna og arbeidet til personalet skal gjerast synleg som grunnlag for refleksjon over verdigrunnlaget og oppgåvane til barnehagen og barnehagen som arena for leik, læring og utvikling. Aktuell dokumentasjon er ulike planar og sjekklistar for gjennomførte aktivitetar gjennom året, og evaluering av desse. All dokumentasjon i barnehagen er til internt bruk og er ikkje tilgjengeleg for andre utan samtykke frå dei dokumentasjonen omhandlar.



Vurdering:

Personalalet vurderer arbeidet i barnehagen fortløpende gjennom året og brukar ulike verktøy for å måla trivnad og utvikling hjå det einskilde barn. Evaluering av aktivitetar etter avslutta temaperiode, barnesamtalar, og kartlegging ved bruk av TRAS er ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen.

Sentrale spørsmål vil være: vært alle inkluderte og opplive å høyra til? Fungerer det vi har planlagd?

Vurdering av årsplan

Årsplanen til barnehagen følgjer barnehageåret og blir vurdert gjennom heile året. I samarbeid med personalet, vurderer og redigerer dei pedagogiske leiararne innhaldet, og gjer endringer etter behov.

Før den endelege årsplanen vært levert ut, skal han godkjennast av SU.

Arbeidsmetodar

Arbeidsmåtane skal ta vare på behovet til barna for omsorg og leik, framme læring og danning og gje barn moglegheit for medverknad. Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og dei skal tilpassast til enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet (Kunnskapsdepartementet, 2017:43).

Me brukar:

Observasjon: me skal kontinuerleg observera både enkelt barn og barnegruppa som dannar grunnlag for å evaluera, endra praksis, innhald og vidare planlegging. Alle observasjons-sjema skjer etter skriftleg samtykke frå foreldre og blir tidleg utførte for å kunna gå inn og gje barnet litt ekstra støtte der det trengs.

Alle med: er eit observasjonsmateriell som gir eit heilsakleg bilet av barnet og kva det meistrar.

TRAS: (Tidlig Registrering Av Språkvansker) blir brukt når eit barn har utfordringar med språk.

Språkgrupper: Aktivitetane i språkgruppa skal planleggjast for å fremja språkleg aktivitet, og ny forsking er ganske klar på at læring i denne alderen skjer best gjennom leik. Leikbasert læring skjer når barna får vera med i aktivitetar der dei er aktive og engasjerte, der dei opplever mening og er i samspel med andre barn og vaksne. Alderen til barna, språkleg ståstad og interesser må vera førande for innhaldet og i kva gruppe dei skal vera ein del av.

Barnas valg: ein metode for å styrkja leikekompetansen til barna der dei må ta eigne val og forhalda seg til vala dei tok.



Autoritativ lederstil i relasjoner med barn

Familie – Barnehage – Skole - Kultur

Les mer og last ned din kopi på
www.famlab.no

Høy

Ledelse,
grenser,
regler,
forvent-
ninger

Autoritær

	Tvang
	Straff
Dominansverdier	Mange regler, for deg
Styrke, makt, vinne	
Oppgavefokus	Kontrollerende
Forventninger uten støtte	Kommanderende
Tåler ikke andres meninger	Du skal lære, ikke jeg
Rigid, ufleksibel	Følelsesmessig distanse
Fysisk/verbal aggesjon	«Positiv» manipulasjon og triks
Aggresiv kategorisering og merkelapper	

Struktur

Enkle, «lettvint for meg» løsninger

Lite støtte og varme

Distansert

Fraværende

Opptatt

Passiv

Uinteressert

Overlevelse

«Ingen snakker med
eller hører på hverandre»

Negligerende

Utydelig
ledelse,
lite
oversikt.
Kaos og
forvirring

Lav

Kjølig, lite støtte og respons
Lite kommunikasjon, forståelse og koordinering

En oversikt over voksnes lederstiler i relasjoner med barn
og en praktisk guide til den Autoritative lederstilen

© 2023 Hans Holter Solhjell

Autoritativ

«Jeg skal høre på deg, og jeg vil at du hører på meg også.»
Demokratiske, relasjonelle verdier
Oppgave og relasjonsfokus

Perspektivtagende kommunikasjon
Refleksjon
Lytte og forstå
Tilgivelse
Reparasjon
Lek og utforskning
Barnets perspektiv, behov og initiativ

Kos og nærbet

Relasjonsfokus
Omsorgsverdier

«Jeg hører veldig gjerne på deg, det er ikke så viktig med meg»

Ettergivende

Voksnes perspektiv, plan og behov

Gjennomtenkte, rettferdige, gjensidige, konsekvente forventninger, regler, beslutninger, struktur og system

Beskytte
Stabilitet
Observere og følge med

Veiledende grensesetting
Presise instruksjoner
Tåle meninger og uenighet

Læringsprosesser
Rimelige tilpassninger og justeringer
Mentalisering

Selvrefleksjon
Stressregulering
Fleksible, rettferdige, situasjons-baserte beslutninger og ledelse

Fleksibilitet
Mykhet
Vennlighet
Tåle følelser og gråt

Feire og takke

Verdsettende tilbakemeldinger

Se positive handlinger og egenskaper

Selvbestemmelsesstøtte

Praktiske og naturlige konsekvenser

Verdibaserte vurderinger

Engasjement
Jeg-språk
Personlige grenser
Rolleavklaring

Gjensidig ferdighetslæring
Medvirkning
Trygg feiljustering

Samarbeid om problemløsning
Forklaringer

Veiledning
Kos og nærbet

Omsorg
Trøst

Kontakt
Inntoning

Unnvikende
Tåler ikke uenighet og ubehag
Unngå konfrontasjon

Få regler og grenser
Lave forventninger
Overbeskyttende

Overtilpassning

Kos og nærbet

Varme

Støtte, respons, perspektivtagning, autonomistøtte
Mye kommunikasjon, forståelse og koordinering

Lederstilar basert på Baumhöld, Dreikurs, Lewin, Skinner mfl.

26

Den Autoritative stilten er best for barns utvikling, relasjoner, mentale helse og læringsmotivasjon



Relasjonskompetanse

I Solhaugen barnehage er voksen-barn relasjonen viktig for å fremje trivsel, tryggleik og god utvikling. Personalet skal vere bevisst relasjonskompetansen sin, og relasjonskvalitet. Det er me voksne som har ansvaret for å skapa gode relasjonar med barna, slik at samhandlinga med barna blir god. Me skal bidra til tryggleik og trivsel, læring og utvikling. Relasjonsferdighetene til dei voksne har noko å seie for trua barnet har på eigne ferdigheter.

Kvart barn er eit unikt individ som skal bli møtt med respekt, omsorg og likeverd i vår barnehage. Barnehagen skal vere ein arena for å gje alle barn positive relasjonar til andre barn og voksne, og skal bringe barn i læringsposisjon slik at dei får utvikle seg i positivt samspel med andre mennesker. Refleksjon over eigen praksis er den viktigaste metoden for å utvikle den voksne sin relasjonskompetanse.

I Solhaugen barnehage har me personale med kompetanse innan ulike relasjonsverktøy med hovudvekt på DUÅ og COS. Felles for dei ulike metodane er forståinga av barns åtferd og korleis me voksne i møte med ulike barn kan fremje ei oppleving av anerkjenning, respekt og likeverd, som bidreg til livsmeistring.

Circle of security (COS)

Circle of security er eit verktøy me bruker for å analysere barns åtferd, behov og kjensler.

COS handlar om å justere seg til barnet og anerkjenna kjensler. På den måten kan ein betre forstå kva behov barn har, kva signal dei gjev og kva ein kan gjere for å møta desse behova betre. Å ha eit kaldt hovud med eit varmt hjarte når kvardagen er utfordrande.

For små barn er tryggleik det viktigaste og dei har ein medfødt evne til å oppsøkje gode og trygge vaksne. Det er "gjennom nære relasjoner til omsorgspersonar at barnet utviklar seg psykologisk og får ei oppleving av seg sjølve som sosialt individ"(Brandtzæg, I., m.fl. 2013:16).

Mantra i COS er at den vaksne skal klara å vera STØRRE, STERKARE, KLOKARE og GOD:

- Større: å ta gode avgjersler til beste for barnet.
- Sterkare: Hjelpe barnet å regulere kjensler.
- Klokare: forstå og ordsetje situasjonar
- God: kunne setje grenser og strukturera dagen

Trygghetssirkelen

Henda til venstre illustrerer omsorgspersonane


Målet er å vere ein trygg og god voksen slik at barna opplever meistring, utvikling og følelses regulering.

- Å vere ein trygg base handlar om å vere tilgjengeleg for barna når dei er ute og utforskar verda.
- Å vere ein trygg hamn handlar om at barnet blir møtt av ein trygg og god voksen som støtter, trøyster og regulera barnet.

Trygghetssirkelen

Foreldre med fokus på barnets behov

© Cooper, Hoffman, Marvin, & Powell, 1999




DUÅ - De utrolige årene

I Solhaugen barnehage bruker me blant anna DUÅ som arbeidsverktøy. Gjennom bruk av DUÅ , skal ein møta barnas kognitive, sosiale og emosjonelle behov. Gode relasjonar bidreg til at barnet ynskjer din merksemd - som er viktig for å snu uønskt åtferd. Dei vaksne skal gje barna positiv merksemd, oppmuntring og ros. Leik og positivt samvær er beskyttande faktorar for alle barn, uansett bakgrunn.

I DUÅ er vaksenrolla svært viktig. Den vaksne skal reflektera over måten ein møter andre mennesker på, dette gjeld både barn og foreldre, kollegaer og andre ein samarbeider med (De utrolige årene, 2024).

De utrolige årene (DUÅ) handlar om:

- Å skapa positive relasjonar til barn
- Fremje sosial og emosjonell kompetanse hjå barn
- Bringe barn i læringsposisjon
- Førebyggje uro og åtferdsvanskar
- Korleis få barna si merksemd
- Skape ro i overgangssituasjonar
- Korleis skapa motivasjon for læring og endring
- Tilpassa konsekvensar
- Korleis leggja til rette for godt samarbeid med foreldre




DUÅ – Relasjonskonto

I DUÅ er sparegrisen, eller relasjonskontoen, sentral. Ein kan tenkje seg ein sparegris som ein skal fylle med myntar. Ved å gje barna positiv merksemd, ros og oppmuntring – fyller ein på sparegrisen. Slik styrkjer ein relasjonen til barnet, og bidreg til å bygge barnets sjølvkjensle og tillit til vaksne. Den åtferda barnet får mest merksemd for, vil dei bruke meir av i sampel med andre.

Det er særleg to prinsipp som er viktige i DUÅ:

- Oppmerksomhetsprinsippet: Den åtferda du gjev merksemd til, har ein tendens til å gjenta seg sjølv. *Gje merksemd til det du ynskjer meir av.*
- Rollemodellprinsippet: Barn kopierer åtferd som verdifulle vaksne modellerer. *Gje merksemd til det du vil ha meir av.*







Barnas verneombud

Private barnehagers landsforbund har hatt som mål at alle landets barnehager skal ha barnas verneombud. Stine Sofies stifting har no utvikla Stine Sofie Barnehagepakke for oss som jobbar i barnehage. Det er eit tiltak for å førebyggja og avdekkja vald og seksuelle overgrep gjennom å styrkja handlingskompetansen til barnehagertilsette.

For Solhaugen barnehage er det styrar og ein pedagogisk leiar som er ansvarlege for implementeringa av innhaldet i programmet og at alle tilsette kjenner til innhaldet i det aktuelle lovverket. Barnas verneombud skal være barnehagens ressursperson for barna, kolleger, foreldre og daglig leiar.

Alle barn treng kompetente og trygge vaksne rundt seg som tek ansvar og bidreg til at dei får eit trygt og godt oppvekstmiljø. Barn som blir utsett for vald og overgrep er særleg avhengig av vaksne som tør å sjå, stilla dei viktige spørsmåla og har mot og evne til å setja i verk tiltak som er til barnets beste og tryggjer livet og helsa til barn.



Mat og kosthald

Mål: Måltidsglede

Eit måltid skal vere prega av nærvær, trivsel, fellesskap og samtalar. Måltidet står i ei unik særstilling til å byggje kjensla av fellesskap, når me samlar oss rundt ei felles oppleving. Denne kan vere å ete noko godt, prøve noko nytt, lage i stand ein temafest, eller at måltidet inngår i det pedagogiske arbeidet og barna er aktive deltagarar i prosessen. Det kan også vere å berre samlast med felles fokus rundt "her og no".

Det er viktig for oss at barn har matglede. Dette tyder ikkje at barna berre skal få ete det beste dei veit, at "noko godt" treng å vere søtt, eller at mat skal vere ei belønning. Matglede er på mange måtar i kontrast til dette, då det handlar om å gjere barna kjende med ulik mat, næringsstoff i ulik mat, å gjere dei medvitne rundt svoltkjensle og det å vere mett, og skilnaden på fest og kvardag. I tillegg handlar det om å lære noko om sosiale strategiar i måltidssunda. Korleis å te seg når ein ikkje likar noko, når ein er mett, eller når ein har lyst på meir, men må dele med andre.

Eit sunt og variert kosthald med gode smaksopplevelingar er viktig for alle menneske, uansett kven vi er og kvar me kjem frå. I dag består eit barnehagebord av barn frå ulike delar av verda, og av ulike matkulturar. Matkulturen vår er også prega av dei verdiane ein har som familie. Barnehagen skal vere ein stad som jamnar ut sosiale skilnader, fremjer mangfold og gjensidig respekt, som fremjar ein berekraftig praksis og sunne helsevanar.

Solhaugen Barnehage skal ha fokus på eit sunt kosthald. Barnehagen har fokus på reduksjon av sukkerinntak. Barnehagen serverer lunsj og fruktmåltid dagleg og varmlunsj ein gong i veka. Bursdagar vert markerte med smoothie eller frukt og bær. Me lagar ulik mat på tur, og nyttar bål, grill eller storm-kjøkken. Barnehagen følger Helsedirektoratets kostråd ift. val av pålegg. Barna får tilbod om mjølk eller vatn til drikke under måltid. Me har fokus på matsvinn.



Kommunikasjon

Foreldreråd og samarbeidsutval

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd, og eit samarbeidsutval. I eit foreldreråd sit alle foreldre/føresette i barnehagen. Dei skal fremje felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Kvar haust blir det valde foreldrerepresentantar som er kontaktpersonar for foreldrerådet. Det er dei som kallar inn til foreldrerådsmøte etter ønskje frå foreldre eller når foreldre har meldt inn saker som foreldrerepresentanten meiner bør diskuterast i foreldrerådet.

I samarbeidsutvalet sit foreldre/føresette, tilsette i barnehagen og representant for eigar, slik at kvar gruppe er likt representert. Styrar i barnehagen er alltid sekretær for samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet skal ha høve til å uttala seg om saker som har vesentleg betydning for barnehagedrifta, t.d. vedtekter, opningstider, barnehage- og skulerute mm. Samarbeidsutvalet er òg det organet som fastset barnehagen sin årsplan. Foreldrerådet vel 1 -2 representantar til samarbeidsutvalet og 1 – 2 vararepresentantar. Dette vil avhenga storleiken til kvar barnehage. Personalet og eigar vel tilsvarande representantar for seg.



Samarbeid barnehage – heim

Barnehagen har som mål å ha eit tett samarbeid med heimen til barna. Me møter foreldre kvar dag ved levering og henting, dette er det viktigaste møtepunktet mellom barnehagen og foreldra. Med samarbeid er det meint regelmessig kontakt der ein utvekslar informasjon. Samarbeidet skal gje høve til å byggje opp gjensidig forståing for dilemma som kan oppstå når omsynet til eit enkelt barn må sjåast i forhold til barnegruppa. Personælet må arbeida for å finna ein balanse mellom respekt for foreldre sine prioriteringar, og det å ta vare på rettighetene til barna og dei grunnleggjande felles verdiane som barnehagen byggjer på. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna. *Det daglege samarbeidet mellom heimen og barnehagen må byggje på gjensidig openheit og tillit.*

Barnehagen har to foreldremøte i året, eit tidleg haust og eit i vårhalvåret. På desse møta informerer barnehagen om nødvendig og aktuell informasjon og grunngjeving for barnehageverksemda og inviterer foreldra til medverknad. Innhaldet på foreldremøta kan vera utvikla i samarbeid med Su, eller ulike tema der andre, t.d PPT eller helsesøster, er spurt om å bidra.

Barnehagen gjennomfører foreldresamtalar både haust og vår. Me vil ha barnesamtalar med dei eldste gruppene som ei førebuing til foreldresamtalar.



Barnehagen har valt å bruka Kidplan som digitalt kommunikasjonsverktøy internt og ut mot foreldra. Her finn foreldra generell informasjon frå barnehagen, informasjon om barnet sitt (passordbeskytta) og dei kan sjølv senda meldingar til barnehagen. Kvar avdeling legg ut ein vekeplan med oversikt over dei faste aktivitetane kvar veke, og dessutan rapportar med biletar og informasjon om dagens og vekas aktivitetar. Kvar avdeling sender ut ein månadsplass og eit månadsbrev. Her er det informasjon til foreldra, og dessutan oversikt over turar, prosjektarbeid, måltid, bursdagar etc. Innanfor dei faste rammene ønskjer me stor grad av fleksibilitet i innhaldet. Det vil seie at aktivitetar og turmål kan endrast undervegs i samråd med ønska og interessene til barna. Dette speglar korleis me arbeider med medverknaden til barn og i forhold til filosofien vår. Innhaldet i barnehagen vil bli dokumentert og informasjon blir gitt til foreldre/føresette på følgjande måte:

- Tilbakemelding til alle foreldre/føresette om dagen til barnet deira blir gitt munnleg ved henting kvar dag.
- Bilete og tekst frå utvalde aktivitetar blir lagde ut på foreldre/føresette sine sider på Kidplan.
- Bilete og tekst er nøyne valt ut som ein del av den pedagogiske dokumentasjonen.
- Vekeplanar vert lagt ut på Kidplan
- Månadsplass og månadsbrev med informasjon blir sende på e-post til føresette.
- Alle foreldre/føresette får tilbod om samtale to gonger i året, og elles ved behov.
- Foreldremøte blir halde vår og haust.
- Årsplanen ligg tilgjengeleg på Solhaugen barnehage si nettside.

Overgang barnehage-skule

"Barnehagen skal i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordning" (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).



Det er gjennom trygge og gode relasjoner med andre barn og vaksne at barnet kan trivast, leike og utfolde seg og lære. Struktur og rutinar i gruppa er viktig å etablere den første tida. I denne perioden blir premissane lagd for korleis førskuleopplegget skal vere gjennom året. Viktigast i denne tida vil vere dei sosiale rammene og relasjonsbygging, og det er viktig at dei vaksne er klar over at oppstarten er viktig når ein skal etablere eit positivt miljø i førskulegruppa. Vi må skape rom for humor, medverknad og leikenhet. Me som vaksne i gruppa skal møte og støtte kvart barn ut frå føresetnadane deira på ein god måte.

Solhaugen barnehage legg opp til at barna skal oppleve samanheng mellom barnehage og skule ved at dei eldste barna blir tilbydd alderstilpassa aktivitetar som innbyr til leikbasert læring. I kvardagen vert det sett fokus på sjølvstende, å vente på tur, kjensleregulering, samarbeid, eigenverdi og respekt. Det vert nytta ulike program for å utvikle barna mot ei felles forståing av eiga rolle i fellesskapet. Språk og sosial kompetanse vert jobba med kontinuerleg, i kvardagen og når barna er deltagande i gruppeaktivitet. "Grønne tanker, glade barn" er eit pedagogisk materiell som vert introdusert i førskulegruppa, og som barna vil møte igjen i skulen.

Mot slutten av barnehageåret har barnehagen og skulen god dialog, og utvekslar informasjon som bidreg til ei trygg, god og førebudd skulestart for barna. Informasjon gitt frå barnehage til skule skal godkjennast av foreldre. Når det nærmar seg skulestart, nyttar førskulebarna skuleområdet som destinasjon på turdagar, og dei vert òg inviterte til besøksdagar på skulen før sommarferien. Dette bidreg til å skape større tryggleik for barna, ved å verte litt kjende med skulebygget og uteområdet.



Samarbeid med andre instansar

For at barna og foreldra skal få eit mest mogleg heilsakleg tilbod til beste for oppveksten og utviklinga til barna, samarbeider barnehagen med andre tenester og institusjonar i kommunen. Både foreldra og barnehagen kan ha behov for å samarbeida med ulike hjelpeinstansar. Ved samarbeid følgjer dei tilsette føreskrift om teie- og opplysningsplikt i barnehagelova og anna regelverk.

Den pedagogisk-psykologiske tenesta (PPT):

Den pedagogisk-psykologiske tenesta er sakyndig instans ved tilråding om spesialpedagogisk hjelp. Dersom barnehagen ønskjer samarbeid om, og hjelp til einskildbarn i barnehagen, må foreldra samtykkje. Foreldra skal trekkjast aktivt med i dette samarbeidet. Føresette kan uavhengig av barnehagen ta kontakt med PPT Alver ved behov.

Ressursteam:

Barnehagane organiserer ressursteam der pedagogisk personale kjem saman og legg fram og får rettleiing kring problemstillingar dei har på avdelinga si. Dette kan vere problemstillingar knytt til barnegruppa eller kring einskildbarn.

PPT deltek fast i ressursteama ein gong pr mnd. Alle saker som blir drøfta i ressursteamet er anonymiserte. Ressursteama vært og nytta til opplæring innan einskilde tema for pedagogisk personale, og er ein viktig ressurs for å drive førebyggjande arbeid i barnehagen innan t.d. mobbing, utesetting, språkvanskar mm.



Barneverntenesta:

Barnevernet er ein viktig samarbeidspart for barnehagen kring einskilde familiar som er i ei vanskeleg situasjon. Dei skal og gje råd og rettleiing til barnehagertilsette innan ulike tema som omhandlar møte med barn som er utsett for omsorgssvikt. Gjennom den daglege nære kontakten med barn er dei tilsette i barnehagane i ein sentral posisjon når det gjeld å kunne observera og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barna.

Alle tilsette i barnehage og skule har opplysningsplikt til barnevernet etter §22 i barnevernslova når det er mistanke om omsorgssvikt for eit barn. Meldeplikta følgjer av barnevernloven § 6-4 første ledd bokstav a.

Alle som jobbar på ein skule og alle som utfører teneste eller arbeid etter lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehagelova §46) har både ei merksemplikt og ei opplysningsplikt til barnevernstenesta.

Helsestasjonen:

Helsestasjonen har ansvar for å drive generelt førebyggjande og helsefremjande arbeid for å trygge oppvekstvilkåra til barna i kommunen.

Helsestasjonen skal kunne bidra med råd og rettleiing i samband med legemiddelhandtering i barnehagar og om smittevern. Vidare er helsestasjonen sentral når det gjeld å kartlegge den motoriske og språklege utviklinga til småbarn.

Andre samarbeidspartnarar:

Barnehagen samarbeider med lokalsamfunnet for å gje barna varierte opplevingar og tilknyting til nærmiljøet. Eit godt samspel mellom barnehagen og skulen, kulturlivet, institusjonar, frivillige organisasjonar og kyrkjelydar kan gjere både barnehagen og lokalmiljøet rikare og bidra til å gi barnehagen lokal forankring.

Årshjul 2024-2025

Barnehagen
følgjer
skuleruta til
Alver
kommune.

August	Planleggingsdag 12.08 og 13.08	Januar	Planleggingsdag 31.01 Internasjonalt arbeid veke 5
September	Brannvern veke 38 Dugnadsdag i veke 38 Foreldremøte (veke 39)	Februar	Internasjonalt arbeid veke 6-8 Samenes nasjonaldag 06.02 Karneval 21.02 Foreldremøte veke 8 Foreldresamtaler veke 8 Vinterferie veke 9
Oktober Tema: Forut	Høstferie veke 41 Foreldresamtaler veke 40, 43, 45 Refleksenes dag 17.10 FN dagen og forut kafe 24.10	Mars	Foreldresamtaler veke 10, 12
November	Foreldresamtaler veke 46 Planleggingsdag 01.11	April	Sommarferiefrist 15.04 Foreldresamtaler veke 14 Påskeferie veke 16: onsdag 16.04 stenger me kl 12 Stengt 17.18 og 21 april Dugnadsdag i veke 17
Desember	Lysfest 02.12 Nissefest 06.10 Lucia 13.12 Julebord 20.12 Stengte dager i jula: 24-26, 31-1	Mai	Stengt 01.05, 29.05 Planleggingsdag 02.05 Russedåp og mini 17 mai feiring: 16.05
		Juni	Sykkelveke veke 23 Stengt 09.06 Sommarfest veke 23 m/Rose-seremoni for førskulebarna.



Kontaktinformasjon Solhaugen Barnehage SA

Solhaugen Barnehage SA
Storbruhaugen 14, 5955 Lindås
Tlf:48 31 63 29
E-post: post@solhaugenbhg.no

Daglig leiar:

May Fosse
Tlf:48 31 63 29
E-post: post@solhaugenbhg.no

Avdelingar:

Fabelkroken Tlf: 41 64 49 91
Fargeklatten Tlf : 97 77 34 92
Byggeriet Tlf: 41 65 47 63
Trimmen Tlf:99 34 35 04



Kjeldeliste

Brandtzæg, I., torsteinson, S., Øiestad, G. (2013). *Se barnet innenfra*. Oslo: Kommuneforlaget

De utrolige årene (2024). Hentet den 03.06.24 frå: <https://dua.uit.no/om/>.

Jebsen, J.K. (2023). *Barnehageloven og forskrifter 2023*. Bergen: Fagbokforlaget.

Kunnskapsdepartementet (2017). *Rammeplan for barnehagen*. Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Store norske leksikon. (2024). *Lek (aktivitet)*. Hentet den 22.05.24 frå: https://snl.no/lek_-_aktivitet

Språkløyper, (2018). Hentet den 03.06.24 frå: <https://sprakloyper.uis.no/barnehage/sprakarbeid/sprak-og-leseaktiviteter, 2024>

